

Bokn Bygdablad

Nr. 3 april 2012 – Årg. 27



Innskriving – s. 16



Kongeleg utmerking – s. 3



Ny seksjonssjef – s. 4



MOT-konsert – s. 5



www.bygdabladet.no

KJERT PÅ **BOKN**






RDFØRAREN RDET

Kjære sambygding

Kommuneplanarbeidet

Arbeidet med å rullera kommuneplanen i Bokn går nå inn i siste fase og ein ser ende på arbeidet som blei starta opp hausten 2008. Kommuneplanrulling er eit ressurskrevjande og omfattande arbeid, men samstundes er "generalplanen" det viktigaste styringsdokumentet politikarar og administrasjon har. Men kravet om eit planprogram har forseinka arbeidet eitt år i dei fleste kommunane.



I løpet av mai skal ein avgjera kva innspel som skal til høyring og forhåpentlegvis blir ein del av den nye kommuneplanen. Samstundes ferdigstillar administrasjonen samfunnsdelen (tekstdelen). I løpet av sommaren blir planen lagt ut på høyring. Eventuelle innvendingar frå Fylkesmannen vil bli handtert tidleg på hausten. Det kan då vera aktuelt med synfaringar, møter og eventuelt meking for å avklara usemje mellom kommune og stat.

Arbeidet med kommuneplanen har tatt tid, og det kjem det også å gjera i framtida, men eg meiner det har vore ein god og konstruktiv prosess undervegs. Både politisk og administrativt har det vore brei deltaking og dei nye politikarane har fått medverka og satt sitt preg på arbeidet og med det har ein sikra ei naudsynt forankring til

kommunen sin mest sentrale plan dei komande åra.


Produksjon av Bokn Bygdablad

Alle kommunar har eit informasjonsansvar ovanfor innbyggerane. Måten ein sikrar informasjonsflyt ut frå rådhusa blir løyst på ulike måtar i kommunesektoren. I Bokn har ein vald å distribuera informasjonen til innbyggerane i ei innpakking som du nå held i henda. Ein har jamvel vald å gå litt lenger i Bokn. I tillegg til kommunalt stoff freistar ein å spe på med redaksjonelt stoff frå bygda i form av nyhendeartiklar, portrettintervju, historiske artiklar, lesarinnlegg og anna stoff som tar opp i seg livet i bygda.

Å produsera bygdabladet er ressurskrevjande og er heller ikkje ei lovpålagd oppgåve for kommunen. Ein har likevel, gjennom 27 år, sett verdien av å ha ei eiga "lokalavis" som i tillegg til å vera informativ, bygger boknidentiteten og aukar kjensla av samhald og fellesskap gjennom ulike artiklar om stort og smått frå livet i Bokn. Ut i frå tilbakemeldingane blir Bokn Bygdablad satt pris på – både i og utføre Bokn. Men Bokn Bygdablad er ikkje ei dagsavis som omtalar nyhendeilet siste døgnet. Bladet kjem ut med 10 utgåver i året og artiklane kan vanskeleg vera dagsaktuelle i forhold til papirutgåva. Bokn Bygdablad er eit kommunalt informasjonsorgan der ein nyttar høvet til å dokumentera alle sider av bygdalivet i ord og bilete, til glede for naverande og komande generasjonar.

Sett utifrå storleiken på kommunen vår, er det imponerende at ein i det heile tatt maktar å produsera eit eige bygdablad. Det er ikkje vanskeleg å forstå at med knappe ressursar er redaksjonen heilt avhengig av å få tilsendt stoff som er produsert av boknarane sjølv.

Redaktøren har 50% stilling til produksjon av bygdabladet. I dette inngår både journalistisk arbeid, handsaming av innkomne stoff, biletbehandling, montering av bladet og oppdatering av nettstaden. Produksjonskostnadane



knytt til trykking er merkbar, og ein

auke i utgiftene til journalistisk arbeid vil naudvendigvis gå ut over andre lovpålagde oppgåver. Difor vil produksjonen av dette produktet inntil vidare vera eit kompromiss basert på ein viss dugnadsinnsats frå bygda sine egne skribentar.

Eg vil oppmoda boknarar og det frivillige lags- og organisasjonslivet i Bokn til å bidra i produksjonen og vera med å gjera dette til eit endå betre blad. Har du noko på hjarta eller er det hendingar du meiner burde vore omtala i Bokn Bygdablad, har ein her eit framifrå talerør som når ut til dei fleste sambygdingane. Er det hendingar eller arrangement i Bokn som burde vore skrive om og som redaksjonen sjølv ikkje får fylgd opp, kan ein knipsa eit bilete sjølv og skriva nokre ord. Ein kan også få hjelp til å forma ut ein artikkel i etterkant ved å venda seg til redaktøren.

På denne måten vil ein bidra til at Bokn også i framtida skal ha eit mangfaldig og variert bygdablad som gjer dette produktet til noko meir enn eit reint kommunalt informasjonskriv. Det trur eg alle er tent med.

Ordføreren

Ny rettleiar ved NAV Bokn

Anne Berit Gilje begynte som rettleiar (50% stilling) ved NAV Bokn 10. april.

Ho har kontor i NAV Bokn si avdeling i første etasje på Boknatun. Du treffer henne tysdagar, onsdagar og annakvar fredag (i partalsveker), på tlf. 52 04 88 98. Opningstid: 09.00-14.30.

Ein nærmare presentasjon kjem i neste blad.



Kongeleg utmerking til Leiv Våga

Jardar Havikbotn

Laurdag 21. april fekk speidarleiar Leiv Våga Kongens fortienstmedalje i sølv på Bokn bedehus.

Ramma rundt tildelinga kunne ikkje vore betre; saman med familie, venner og to busslass med speidarar i lokala der Leiv har lagt ned tallause dugnadstimar, og nå skulle feira 70-års dagen sin.

Fødselsdagsfesten var så vidt komen i gong då speidarane kom marsjerande inn mens dei song bursdagssong, og avleverte eit spesialkomponert speidarrop. Jubilanten sjølv blei både overraska og rørt. Påtroppande speidarleiar Svein Ove Alvestad gratulerte jubilanten på vegne av speidarane, og ga ordet til ordførar Kyrre Lindanger, som for høvet hadde ordførarkjeda rundt halsen. Ordføraren ynskte 70-åringen til lukke, men poengterte at han også kom i eit anna ærend.

Kongeleg heider

Etter ein kort gjennomgang av Leivs innsats i det frivillige lag- og organisasjonslivet i Bokn dei siste 30 åra, bad ordføraren Leiv komma fram. Så kunne han høgtideleg meddela at Kongen hadde tildelt Leiv, som den tredje boknaren i historia, Kongens fortienstmedalje i sølv. Medaljen blei festa på jakkekragen til jubilanten, og diplom overrekket til varm applaus frå festlyden. Den elles så taleføre lodabuen blei synleg rørt og takka for den kongelege heideren. Sidan fekk Leiv 70 roser frå kvar og ein av dei framømte speidarane.

- Det frivillige organisasjonslivet i små lokalsamfunn som Bokn, er avhengig av engasjerte ressurspersonar som Leiv. Under hans leiing og engasjement har speidarrørsla i Bokn dei siste 22 åra vakse og blitt ein stor, synleg og sjølvgåande organisasjon som i mange samanhengar set Bokn på kartet. Er det nokon som fortener Kongens heider, så er det Leiv, seier ordførar Kyrre Lindanger til Bokn Bygdeblad.

Innsats i frivillige lag- og organisasjonar

Leiv engasjerte seg tidleg i det kristne frivillige arbeidet, og blei styremedlem i indremisjonen på Karmøy alt i 1970. Etter det har han hatt mange verv, og spesielt har Leiv vore opptatt av arbeid retta mot barn og unge. Den kristne bodskapen kombinert med kunnskap og nærleik til natur og friluftsliv gjorde det naturleg for Leiv å engasjera seg i speidarrørsla.

Då Leiv og familien hans flytta frå Korpervik til Bokn, blei han initiativtakar og den fyrste leiaren i det nyskipa Bokn KFUM-KFUK i 1990. Som primus



Speidarane leverte jubilanten 70 roser.

Foto: Erik Våga



Ordførar Kyrre Lindanger gir Leiv Våga Kongens fortienstmedalje i sølv.

Foto: Erik Våga

motor var han både gruppeleiar og leiar for enkelte speidargrupper samstundes. Han fekk raskt med seg engasjerte foreldre og barn, og saman bygde dei opp Bokn til å bli den største speidargruppa i Haugaland Krets, med tett på 130 medlemmer.

Kyrkjelydsarbeid

Leiv Våga har opna opp heimen sin for mange boknarrar, og best kjent er den årlege friluftsgudstenesta som i juni kvart år blir gjennomført i hagen hans på Loden. Han har gjennom ei årrekke også stilt opp som frivillig klokkar til gudstenestene, i tillegg til å vera medhjelpar i sundagsskularbeidet. Gjennom arbeidet sitt i diakoninemnda, har han deltatt i ulike samtalegrupper og deltatt aktivt i arbeidet med Bokn bedehus, der han har stått for mange møter og kulturkveldar, i tillegg til tallause dugnadstimar med oppussing og vedlikehald av sjølve huset. Førre kommunestyreperiode var Leiv Våga også leiar i Bokn Seniorråd/Brukarråd.

I løpet av arrangementet på Austre Bokn trakk Leiv Våga spesielt fram kona Solveig som ein viktig medspelar i det arbeidet han har lagt ned i bygda. Til Haugesunds Avis uttalte han at medaljen var like mykje ein heider for heile speidargruppa i Bokn, og peika på at speidararbeidet har blitt utført i eit team.

Leiv Våga vil seinare bli invitert til mottaking på Slottet der han får høve til å takka Kongen personleg for medaljen.

Kongens fortienstmedalje

- Kongens fortienstmedalje blei stifta av Kong Haakon VII 1. februar 1908. Han blir delt ut "til lønn for fortjenester av kunst, vitenskap og næringsliv, og for framifrå forhold i offentleg teneste".

- Statuttane for tildeling blei endra seinast pr 30. mars 2012. Medaljen er i sølv, men kan bli delt ut i gull ved spesielle høve.

- Medaljen har portrettet av den regjerande kongen med namn og valspråk på framsida, mens han på baksida har ein krans med omskrifta "Kongens fortjenstmedalje".

Innanfor kransen er namnet på mottakaren inngravert.

Tre boknarrar har blitt tildelt Kongens fortienstmedalje:

Jacob Larsen, Olav Jørme-land og Leiv Våga.



Ny seksjonssjef i helse, sosial og barnevern

Jardar Havikbotn

Hildegunn Andreassen begynte 1. mars som seksjonssjef helse, sosial og barnevern i Bokn kommune.

37-åringen frå Førresfjorden i Tysvær, busett på Lysskar i Haugesund, er gift og har to barn. Ho utdanna seg til sjukepleiar i byen, og har jobba som sjukepleiar i både offentlege og private institusjonar i Molde og Nittedal.

I år 2000 blei arbeidsstaden Haugesund sjukehus i tre år, før ho blei fagansvarleg på Nordheim Bu- og behandlingshjem på Karmøy. Der var Hildegunn med og bygde opp sjukeheimen.

Hildegunn tok mastergrad i Endringsledelse, og fekk seg jobb i Haugesund kommune. Der har ho dei siste to og eit halvt år arbeidd med personal/organisasjon innan helse og omsorg.

Veldig interessant

Ho fortel at jobben i Bokn såg veldig interessant ut.

- For meg handlar det om utfordringa i forhold til Samhandlingsreformen, å få til gode opplevingar for brukarane og innbyggjarane, seier Hildegunn, som er opptatt av samhandling i eit vidt perspektiv.

- Det handlar om å få mykje ut av tenestene, dei midlane me brukar, treffa godt i framtida, og vera med i utviklinga i møte med nye krav og forventningar frå myndigheiter, pårørande og brukarar.



Hildegunn Andreassen

Lagspelar

Hildegunn meiner at stillinga hennar er svært operativ, og det passar ho bra; Då blir det tett dialog inn mot brukarar og innbyggjarar, og mykje betre innsikt i samhengane enn i ein stor kommune.

- Her må me vera dynamiske og fleksible, fortel ei som ikkje er ein typisksjef med stor S, men ynskjer å vera ein lagspelar.

- Eg har gode medspelarar i alle ledd, smiler ho.

Opptatt er ho også av Tidligintervensjonen i Haugalandsløftet for barn og unge, som handlar om å setta inn tiltak så tidleg som muleg, så folk kan klara seg betre og lengre.

Hildegunn synest det er kjempespennande å styrka barn og unge til å

meistra eigne liv, og her har ho god dialog med seksjonssjef Bjørn Nøttum.

- Det er naturleg at me samhandlar om livsløpet.

Familieliv, friluftsliv og hundeliv er sentrale stikkord for familien Andreassen på Lysskar. Med ein langhåra Sjøfer og ein Labraduddel (blanding av Labrador og Puddel) i huset, blir det turgåing i nærmiljøet kvar dag, i tillegg til fjellturar og oppfølging av ungar.

Hildegunn seier ho er blitt utruleg godt mottatt i Bokn kommune, og gler seg til å ta tak i ting etterkvart, saman med andre.

Ho har kontor i 1. etasje på Bokn-tun, med tlf. 52 75 25 34 - 48 11 36 81.

Firfisla

Firfisla, øgle eller ødle (*Lacerta vivipara* eller *Zootoca vivipara*) er ei lita, tilpasningsdyktig øgle som reknast som verdas nordlegaste krypdyr. Ho er utbreidd i heile det tempererte Europa utanom Middelhavsområdet, i tillegg til store delar av det nordlege Asia. Ho førekjem i heile Noreg, bortsett frå delar av Nordland og Vestlandet.

Firfisla er eit lite krypdyr med korte bein. Den flattrykte kroppen er vanlegvis under 10 cm lang, halen er vanlegvis lengre. Vanlegvis er ho brun med eit par mørke og kvite stripar på oversida, nyfødde ungar er mørkare. Firfirsla lever hovudsakeleg av insekt, tusenbein og edderkoppar, som ho jaktar etter på bakken. I kaldt vør kan ein ofte observera dei sola seg på fuktige stadar med mykje vegetasjon. Arten er svært rask.

Kjelde: internett



Varmar seg i vårsola i Havnavegen.

Foto: Kyrre Lindanger

Ting tar tid

Jardar Havikbotn

13. juli 2010 fekk eitt av elementa under brua over E39 i Alvestadkroken redusert bereevne i samband med ei ulykke.

Statens vegvesen sette opp sperringar for å hindra trafikk heilt ytterst over brua. Nå ser det ut til, etter nærmare to år, at det går mot betre tider.

Ole Gunnar Tvedt ved Vegseksjonen i Haugesund kan opplysa om at bjelken snart er under produksjon, og at det er berekna at Statens vegvesen vil utføra dette arbeidet i løpet av juni.



Alejandro Fuentes på Bokn skule

Jardar Havikbotn

27. april heldt MOT-ambassadøren og kjendisen ein minikonserert i Auditoriet i samband med at MOT-turneen 2012 var på besøk.

24-åringen, som kom på tredje plass i Idol 2005, viste sporty sider då han kom med MOT-bussen kvelden før konserten. Den chilensk-fødde artisten tok seg både ein joggetur på naturstien i Føresvik og spelte volleyball med boknarar, før han slo seg til ro i den store bussen, som både fungerer som bustad og lydstudio på turneen.

Imponerende opplegg

MOT-turneen 2012 har 37 stoppestader, frå Trondheim i nord til Grimstad i sør. Bokn kommune blei offisielt MOT-kommune i 2001, og Bokn skule var lagt inn i turneen. Mellomsteget og ungdomsskulen fekk oppleve MOT-konserten.

Når tida går veldig fort, og du sit med ei kjensle av at konserten skulle vart lenger, er det teikn på suksess. Dei 50 minuttane var, forutan minikonsererten med Fuentes, fylt med kort info om MOT, solonr. med andre musikarar frå turneteamet og ikkje minst lokale innslag –alt i stort tempo, slik ungdommen lika.

Trygge ungdomsmiljø

Innslag av lokale krefter er veldig i tråd med MOT, som er ein haldningskapande organisasjon som jobbar for og med ungdom, og målet er å bidra til robuste ungdomar og trygge ungdomsmiljø.

- Ja, lokale innslag har me med på alle konsertane, fortel Fuentes til Bokn Bygdablad etter konserten.

Og turneteamet tok i mot dei lokale kreftene på ein framifrå måte, og hadde m.a. lydprøver med artistane før dei heile braka laus.

Konferansieren frå skulens juleavslutning i fjor, Karen Hetland, slo til igjen og leia konserten saman med MOT sin eigen representant. Ho introduserte Jørgen Nilssen (piano) og Ida Havikbotn (song). Dei starta konserten med "Listen To You Heart". Så var det Sylvia Vatnaland sin tur, med gitar og song på "Your Song". Ida slutta av med "Skyscraper" på piano og song. Alle innslaga gjekk fint, og ekstra kjekt var det med den flotte lyden dei fekk opptre med.

14 dagars periodar



KONSERTSLUTT: Dei lokale aktørane saman med turneteamet, samla på scenen. Med raud bukse; Jørgen Nilssen, til venstre for han; Sylvia Vatnaland, Ida Havikbotn og Karen Hetland.

Alejandro Fuentes starta minikonsererten sin med ein gammal låt, før han presenterte nytt materiale. Ei ny plate kjem til sommaren.

MOT-turneen har fleire kjendisar på repertoaret.

- Chand Torsvik og eg vekslar på å vera med. Nå er eg inne i ein 14 dagarsperiode, så er det hans tur, osv., seier den profilerte sørlendingen før han hastar til autograf- og fotgraferingsstaden. **Fredrik Olaussen var blant mange som fekk**



BOKNATUN SAME DAG: MOT ble starta av norske toppidrettsutøvarar i 1997. Initiativtakarane var skøyteleparane Atle Vårvik og Johann Olav Koss. Atle Vårvik og Frans Gisle Hansen fortalde om prosjektet på ordførarkontoret. Fv. rådmann Jan Erik Nygaard, ordførar Kyrre Lindanger, MOT-informatør Frans Gisle Hansen, Atle Vårvik og folkehelsekoordinator Anne E. Askeland.

Med fare for å gjenta meg sjølv; det er utruleg kjekt å arrangere noko her på denne øya, for alle er så snille, hjelpsame og så positive!

Eg og Annette fann jo fort ut at me ville ha eit loppemarked til, før sommaren. Det har vist seg å vere populært dette, og det er me veldig glade for. Alle pengane me får inn, brukar me til å kjøpe inn hygieneartiklar, bleier, ting me kan få mykje av for lite pengar. Me veit det kjem så vel med dit det skal.

3807 kroner fekk me inn denne laurdags ettermiddagen, og me tar av oss luer og hattar for givar- og kjøparglea til boknarane. For me lurte litt på om det var fleire "lopper" å hente... og trong jo ikkje vore engstelige for det!

Så nok ein gong, tusen takk til alle som har bidratt til loppemarkedet vårt. Og ikkje minst tusen takk til dei som baka til oss! Me sel og litt mat og drikk på loppemarknadene, og det blir koseleg og litt kaféaktig med god



3807 kroner fekk me inn denne laurdags ettermiddagen.

stemning og drøs i lokala. Me seier oss ikkje ferdige med loppemarked, eg og Annette. Men nå må me

vente til hausten, tenkjer me. Håpar me sjåast att då?

Helsing Elisabet og Annette ☺

Bokn Bygdablad for 20 år sidan

FRÅ NR. 3 1992

BLINKSKOT FOR POMPEL & PILT



Då "Blink-kjøp" - katalogen gjekk ut til alle husstandane i landet i første del av april, gjekk også startskottet for den telefonstormen som kom på A & O VIDEO sin ordreteltelefon. Olav Rossebø i videofirmaet seier til bygdabladet at høgdepunktet var måndag den 9. mars, då dei mottok 130 telefonar pluss 50 bestillingar pr. post. Til nå har ca. 1650 personar skrive eller ringt for å kjøpa POMPEL & Pilt T-skjorte eller video. Ingen andre firmaer har i dag lov å selja effekter som har tilknytning til POMPEL & PILT.

Sjølv nå når det er ca ein mnd. etter dei første reaksjonane på annonsen, er det dagleg opp i 20-30 bestillingar. A & O VIDEO vil fylgja opp suksessen med annonser i dagspressa og lokal -TV, men dei vil då kon-

sentrera seg om visse områder i landet. Til nå har firmaet bestilt 2900 T-skjorter og 1000 videoar, men dei må betala store avgifter når dei sel produkta vidare. Firmaet har tilsett ein person for å vera med på pakking.

Olav Rossebø seier at dei har fått god støtte på prosjektet i Bokn. Elles er det i hovudsak folk mellom 18 og 35 år som har bestilt produkta. A & O VIDEO vil nå undersøkje om det er muleg å kjøpa einerett på andre norske filmar, og så distribuera dei på video, men også andre ting kan koma på tale.

A & O VIDEO takkar samarbeidspartnarar i Bokn for god hjelp - det gjeld m.a. kulturstyret, postkontoret og SR-bank.

**Lagrettemedlemmer/
meddommerar til
lagmannsretten**

Per Helge Sunde
Sigmund Alvestad
Anne L Faye
Merete Alvestad

Dyrevernemnd

Medlemmer:
Ann Elisabet Jøsang
Harry Vågshaug

Varamedlemmer:
Anita Kro
Kai Arne Christiansen

Skjønsmenn

Ottar Borgenvik
Ingvar Alvestad
Ingrid Jøsang
Marie Løvoll Faye

Sivilforsvarnemnd

Medlemmer:
Kjell Frode Lie (leiar)
Kai Arne Christiansen
Iren Jøsang
Sonja Mikkelsen

Varamedlemmer:
Anne Lise Nilssen
Håvard Hetland

Heimevernemnd

Medlemmer:
Marie Vågshaug
Jan Kristian Jøsang

Varamedlemmer:
Janne Elisabeth Ytreland
Roy Olsen

**Takstnemnd etter
eigedomsskatteloven**

Takstnemnd:

Ingvar Alvestad
Trond Nedrebø
Norunn Jordbrekk

Klagenemnd:

Ståle Trosnavåg
Ingjerd Ellingsen
Tore Øverbø
Margunn Are
Gunnar Bokneberg

**Skjønsmenn etter
forpaktingsloven**

Medlem:
Sigmund Alvestad (formann)
Bernhard Våge (varaformann)
Ellen Nedrebø

Varamedlemmer:
Gunnar Solberg
Daghild Alvestad

Forlikrådet

Medlemmer:
Ottar Borgenvik
Elisabet Taraldlien
Bernhard Våge

Varamedlemmer:
Tormod Våga
Svanhild Alvestad
Finn Kro

Overformynderi

Medlem: Finn Kro

Varamedlem: Arne Hosaas

Jordskiftemenn

Medlemmer:
Åse Bratthammer
Eirik Øvrebø
Inger Jøsang
Reidun Grønnestad
Erik Våga
Jens Morten Vatnaland
Gunnar Bokneberg
June Kro
Trine Grønnestad

Varamedlemmer:
Leif Kjellesvik
Solrunn A. Ognøy
Gunnar Solberg
Ellen Nedrebø
Solveig Våga
Elise M. Tollaksen
Håvard Hetland
Daghild Alvestad
Trygve Alvestad

**Meddommarar ved
Haugaland tingrett**

Per Helge Sunde
June Kro
Sigmund Alvestad
Anne L. Faye

Friluftsrådet

3 representantar:
Ronny Taraldlien
Hanne Marte Vatnaland
June Kro

Vararepr.
June S. Grønnestad
Ottar Borgenvik
Oddvar Hognaland

Styret i Bokn barnehage

Formannskapet.

**Samarbeidsutvalet i
barnehagen**

SU Barnehagen: Lars Norekvål
SU Skulen : Kyrre Lindanger

Vara: Anne L Faye
Vara: May Jorunn Vatnaland

Soknerådsmedlemmer

Medlem: Ann Jeanette Olaussen
Varamedlem: Tormod Våga

**Medlem av Inter
kommunalt hjorteviltutvalg**

Ottar Borgenvik

Haugalandmuseene AS

Representantar til styret:

Unni W W Høivik
Ottar Borgenvik

**Representant i styret
for Krisesenter
for barn og unge**

Medlem: Elisabet Taraldlien
Varamedlem: Arne Hosaas

Norges nasjonalord 2004: *Dugnad!*

Anne E. Askeland

Det handlar om frivillig arbeid i ulike former. Mange får assosiasjonar til idrettslagsarbeid, til sanitetsforeningar, til speidarbevegelsen og til Røde Kors. Det handlar om å bidra utan å få betalt i pengar og det handlar om å vera der for menneska rundt seg. Det handlar om å vera der for fellesskapet og om å "få hjula til å gå rundt".

Underteikna spør seg ofte om dei som burde stilla seg spørsmålet har gjort det. Spørsmålet?

Ja; spørsmålet om kva staten Norge skulle ha gjort om grasrota gjekk til "streik"?

"Til streik?" seier du. "Kan grasrota gå til streik?" **Eller for å snu det på hovudet: Er grasrota i ferd med å gå til streik?** Det har aldri før vore så utfordrande å verve nye personar til ulike verv og til ulike oppgåver som handlar om dugnad. Årsakene til dette er nok svært samansatte. Det er element av tidsaspekt, av det å måtte ta ansvar innføre område ein ikkje kjenner meistring og vi element av det å rett og slett "ha nok". Menneska er nemleg ikkje vortne så mykje latare opp gjennom åra. Dei fleste er vel tvert om heller blitt svært mykje travlere; ja så travle at dei snart ikkje har tid til verken seg sjølv eller andre; vi noterer oss at "alene-tid" er eit mykje brukt og svært moderne ord.

Borna "i gamle dagar" var ein naturleg del av "drifta" av familiens daglege dont i mykje større grad enn i dag. Dette fenomenet var kanskje særleg utbreidd på bygda der borna måtte ta del i mykje av gardsarbeidet. Men og i byane såg ein at heile familiar jobba saman store deler av dagen. Dei som var innehavarar av små, det vi i dag kallar "nisjebutikkar og som vi mest ikkje finn lenger, fekk poden innom i det skuledagen var over. Poden fekk ta del i arbeidet med å stå i kassen, det vart rydda i hyller og det vart lært og det vart levd. ... For ikkje snakka om dei som tok del i fiskeforedlinga; eg er viss på historiane om dette arbeidet er mange, særleg her på Bokn.

Det er hektisk for både småbarnsfamiliar av i dag, men og for dei som har teke steget over i pensjonistane sine rekkjer. Andelen svært godt vaksne vi finn om bord i flya til varmare strom, veks for kvart år. Besteforeldre nyt det gode liv under varmande solstrålar og det er ingen som ville seia noko anna enn at dei alle er vel unt. Men; dagane for mange i generasjonen under og i generasjonen under der att, vert ikkje mindre travle. Mange har nok; det å ta på seg dugnadsoppgåver i tillegg vert for mykje.

Mange har også, diverre bør ein kan-

skje seia, lagt seg til ein vane om at ein ikkje ynskjer å bidra utan at ein får betalt i pengar for det. Det som er att av tid "til overs" er for dyrebar til at ein er villig til å ta på seg arbeidsoppgåver ut over dei ein har, utan å få betalt. Mange ser ikkje, men det som verre er, mange kjenner ikkje lenger gleda ved å gjera noko for andre; vi er oss sjølve nok. Vi har ikkje tid til å gle oss over å gleda andre.

Eller; er vi det? Oss sjølve nok, meiner eg?

Kan vi, i det lange løp, makta av med å vera der kun for oss sjølve? Burde vi tenkja oss om to gonger når det gjeld kva verdiar vi skal overføre til borna våre? Ynskjer vi å oppfostre ein heil generasjon med egosentriske, kravstore småtassar som slett ikkje har planar om å gå inn i verken frivillig, ubetalt arbeid eller i helsesektoren? Med utgangspunkt i tydelege tal som handlar om at det vil kreve mange nye, varme hender inn i omsorgsyrka i åra som kjem, er det verd å stoppe opp... Tenkje litt..... Varsellampa har vel aldri lyst sterkare.

25. april deltok underteikna på konferansen "Innovasjon i omsorg", Tysvæntunet, der m.a direktør ved forskningsinstituttet NOVA, Kåre Hagen, heldt eit foredrag der alle dei manglande, varme hendene i omsorgssektoren var eit hovudtema. Manglande varme hender, hender som kan ta seg av menneska som i åra som kjem, vil ha aukande behov for tilrettelagde tenester for å klare å møte kvardagen. Og vi snakkar ikkje lenger berre om dei eldre. Fleire born, fleire unge og fleire vaksne vil ha aukande behov for hjelp til å meistre kvardagen sin.

Kåre Hagen har leia eit utredningsarbeid som resulterte i **NOU 2011:11 Innovasjon i omsorg** der ein m.a kan lesa fylgjande:

"Næromsorg" – Den andre samhandlingsreformen (kap 5)

I utredningen blir det framhevet at det er nødvendig å tenke nytt om samspillet mellom offentlige ordninger og det sivile samfunn, og det foreslås å gjennomføre en reform basert på næromsorg, medborgerskap og samproduksjon, som bl a inneholder:

En nasjonal overenskomst og lokale avtaler mellom offentlig og frivillig virksomhet på omsorgsfeltet

Nye eier- og driftsformer med større vekt på brukerstyrte ordninger, samvirkeløsninger og sosialt entreprenørskap

Nye arbeidsmetoder og faglige tilnæringer med fokus på aktiv omsorg, hverdagsrehabilitering, kultur og delta



kelse

En ny pårørendepolitikk og en omsorgstjeneste som organiserer seg inn mot familie og nærmiljø, med satsing på hjemmetjenester, åpne institusjoner og nettverksarbeid.

I tillegg kan ein lesa:

5.2.3 Fra 5% til 25% som ideell virksomhet

Utvalget mener at sosial verdiskapning både i form av frivillige organisasjoner og tiltak og nye former for brukersamvirke bør gis betydelig større rom og armslag i drift og framtidig utvikling av omsorgstjenester og velferdsordninger. Innen 2020 bør på denne bakgrunn anslagsvis 25 % av den samlede omsorgssektoren være organisert og drevet som ideell virksomhet. I dag er denne andelen knapt 5 %.

Utvalget mener det vil være sunt for sektoren å få flere aktører som på ideelt grunnlag og som en del av samfunnets felleskapsløsninger står friere til å finne nye veier og løsninger, drive nybrottsarbeid og styrke innovasjons- og utviklingsarbeidet på omsorgsfeltet.

På denne måten vil en også invitere til deltakelse og medvirkning og stimulere frivillig engasjement og medborgerskap. Ved siden av å ta ansvar for velferdsordningene gjennom det lokale folkestyret, gir dette ytterligere mulighet til på frivillig basis å ta del i, og ansvar for fellesskapsordningene.

Utvalget ser det som et større og større problem at mange bare forholder seg som forbrukere til de kommunale tjenestetilbudene, og ikke ser at dette er ordninger som vi har bygd opp i fellesskap og som vi må ta ansvar for i fellesskap. Omsorgstjenester organisert som brukersamvirke eller ideell virksomhet med sterk grad av brukermedvirkning og involvering av familie, sosialt nettverk og frivillige, vil bidra til å understøtte et slikt medansvar. At

Flott vårkonsert

Jardar Havikbotn

Tradisjonen tru inviterte Bokn musikkorps til vårkonsert i april. I år blei datoen den 22.

Korpsformann og konferansier, Odd Grønnestad kunne ønska ein full sal velkommen til ein musikalsk ettermiddag. Aspirantane, med instruktør Wenche L. Havikbotn, var først ute med songane "Rock" og "Kom og hør på hornmusikk". Det gjekk kjempebra. Skulekorpset si avdeling fulgte så, og denne gongen fekk me høyra "Super Trouper", "Gladiatorane", "Fairytale", "No Matter What" og "Sommartider". Dirigent Lillian Grønnestad gjer ein god jobb med det unge korpset, og det lovar bra for framtida.

Barnekor

Gjester i år var Barnekoret, Jørgen Nilssen og Ida Havikbotn. Dei framførte sine innslag på kvar si side av matøkta. I kjent, fin stil song Barnekoret, under leiing av Oddrun H. Nilssen, "Jeg gikk en tur på stien", "Sommerfuggel i vinterland" og "Sår du blomster". Engelsk-språkleg blei det då Jørgen og Ida framførte "Listen To Your Heart". Før Bokn Brass avslutta konserten, framførte Ida "Someone Like You".

Vaksenkorpsset hadde denne gong "Free World Fantasy", "Conquest Of Paradise", "Only Time" og "Gammel jegermarsj" på repertoaret. Det første stykket på 8 min. er originalskrive musikk for korps. Det blei godt mottatt, og korpsset slod også til med sesongbeste av dette nummeret på konserten.

Ein vellukka vårkonsert, der alle aktørane viste at dei var klare for 17. mai.



1



2

Foto: Elisabet Taraldlien



3



4

Foto: Elisabet Taraldlien



5

Bildetekstar:

1. Aspirantar: fv. Andreas Alvestad og Mathias Olsen.
2. Ida Havikbotn og Jørgen Nilssen.
3. Bokn skulekorps
4. Bokn Brass
5. Barnekoret

samfunnet opprettholder en desentralisert struktur for slike tjenestetilbud med stor grad av nærhet og kunnskap om omgivelser og sosiale nettverk, vil ha stor betydning i denne sammenheng.

For dei som ynskjer å studere NOU `en i si heilheit finn ein lenke til nemnde dokument her: <http://www.regjeringen.no/nb/dep/hod/dok/nouer/2011/nou-2011-11/7/2/3.html?id=646880>

Ei utfordring har alltid minst ei løysing; kan vi sjå om vi kan finne minst ei løysing; saman? Ja! Klart vi kan! Lat oss saman gå på oppgåva om å sjå på korleis ein i samspel og samhandling kan tilrettelegge for at fleire ser verdi- en av å delta i frivillig arbeid og av å

gjera ein innsats for fellesskapet. Lat oss tilrettelegge for at det er "høgt under taket" i rette fora og lat oss tilrettelegge for at forventningar, behov og krav for gode samarbeid vert lagde på bordet. Det var noko med: "Får du den av meg, så får eg den av deg. Denne gongen ynskjer eg å gje deg tida mi, arbeidsviljen min, smila mine og latteren min; fordi du som medborgar betyr noko for meg."

Bokn kommune ynskjer, basert på paragraf 4 i folkehelseslova som seier at kommunen skal tilrettelegge for auka samarbeid med det frivillige, å intensivere fokuset på frivillig sektor og arbeidet er alle- reie godt i gong.

I neste utgåve av Bygdabladet vil vi koma attende til fylgjande:

Temakvelden om styrearbeid og verdi- skaping i eit folkehelseperspektiv som gjekk av stabelen på Bokn 6. mars, vi vil seia noko om informasjonsmøtet som vart halde for styreleiarar i frivillig sektor på Bokn 25.april (på agendaen stod infomasjon om bakgrunn for og mål med folkehelsesatsinga til kommunen) og vi vil seia noko om planlagde aktivitetar og planar om formalisering av nye samarbeid, framover. Alt med fokus på frivillig sektor; sektoren der folkehelsearbeidet, i ordets rette for- stand, vert utført!

God 17. mai til dykk alle saman; og hugs: 17.mai arrangementet er jammen meg eit arrangement basert på dugnad og frivillighet det også!! ☺☺☺☺.....

Hipp hipp –HURRA!

Trialløp på Bokn

Ragnhild Trosnavåg

14. april ble første løp i Rogalandsrunden gjennomført på Bokn. Dette er første av 5 løp i denne cupen.

68 trialkjørere fra Vaulali Trialklubb, Riska Motorsykkelklubb, Randaberg Trialklubb, Karmøy Trialklubb og hjemmeklubben Pluggen MK deltok.

Trialkjøring går ut på å kjøre spesielle motorsykler – trialsykler i terrenget. Det blir laget ulike løyper med forskjellige vanskelighetsgrader. Hver klasse skal kjøre 7 forskjellige løyper 3 ganger, her gjelder det å kjøre feilfritt, eller minst mulig feil. Det blir gitt prikker for feil som blir gjort i løypene. Dette går ikke på kortest mulig tid, men best gjennomført.



Norgesmester Mardon Moi i visning av ny løype, Bjørn Ove og Sander Jøsang følger godt med.

Som en ekstra bonus hadde arrangørklubben leigt inn Mardon Moi, Norgesmesteren de 6 siste åra, for å hjelpe og veilede de håpefulle fra klubben, noe som ble godt mottatt. Det er imponerende hva som går an å få til på en trialsykel.

God dugnadsgjeng

Med 14 forskjellige løyper krever det 14 seksjonsdommere og 14 klippere. Det er stort sett bygdefolk og familie av trialkjørerne som stiller. Disse blir kurset i regler og prikkbelastning av klubbens erfarne arrangører. Ellers er det dugnadsjobbing i kiosk, sekretariat, jury og å være med og lage seksjoner i forkant av løpet. Med en god dugnadsgjeng blir det mange som kan smile bredt over et kjempegodt gjennomført trialløp.



Sander Jøsang i luftig svev.



Bjørn Ove Jøsang får autografen til Mardon Moi på hjelmen.



Klasse D vunnet av Erik Nilssen fra Bokn.



Fornøyde D-klasse kjørere etter premieutdeling) fra venstre, Tobias Mosen, Sverre Trosnavåg, Andreas Skjold og Erik Nilssen.



Trim B vunnet av Harald Trosnavåg fra Bokn.

Flott kjøring av Pluggen MK-medlemmer

Mange gode resultater ble det til kjørrerne fra Tysvær og Bokn som kjører for Pluggen MK. Det blei hjemmeseier i klasse D av Erik Nilssen, med Sverre Trosnavåg på 3. plass og Tobias Monsen på en 5. plass. Dobbelteier i klasse C med Sander Jøsang på første og Bjørn Ove Jøsang på andre. I Rekrutt fikk Kristian Kristensen 2. plass og Endre Øvrebø 3. plass. I Rekrutt D kom Andreas Skjold på 4. plass. Harald Trosnavåg vant Trim-klassen og John Benjamin Jensen fikk 5. plass. Stian Øvrebø kjørte oppvisning. Med dette løpet startet Pluggen Motorklubb årets trialesong, og de tar seg også av avslutningen av den nasjonale sesongen med Lag NM i oktober.



En fornøyd gjeng fra Bokn Trail, dagen derpå sammen med Mardon Moi. Foran fv. Sverre Trosnavåg, Andreas Skjold, Sander Jøsang med Erik Nilssen på fanget.

Bak fv. Bjørn Ove Jøsang, Endre Øvrebø, Tobias Monsen, Kristian H Kristensen, Stian Øvrebø (6 år) foran Mardon Moi, Benjamin Jensen.

Trening med norgesmesteren

Mardon Moi fra Sørlandet trialklubb er Norgesmester i Trial de 6 siste åra, han er også Nordisk mester. Som ekstra premie til klubbens medlemmer ble det en hel søndag med trening av Mardon. Her ble de pushet litt/mye lengre

enn de har tørt før, her hadde alle kjørrerne en positiv utvikling. Dette ble ei helg tettpakket med trialkjøring, så mange ble nok slitne på en positiv måte, foreldre får også trimmet seg godt, for di følger etter utøverne i terrenget.

Ny maraton-pers

Jardar Havikbotn

28. april blei det klassesiger i Bergen City Maraton for Janne Elin Vatnaland (20).

Tida 3.13.00, som heldt til 2. plass blant damene og 8. plass totalt av alle i maratonklassen, er 5.23 minuttar betre enn tida ho blei klassevinnar med under Oslo Maraton i september i fjor. Med å vinna klassen 20-24 år, kraup ho etter løpet opp på ein føre

bels 5. plass på årets norgesstatistikk.

